

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Formannskapet	25.08.2004	KJH	078/04
Kommunestyret	15.09.2004	KJH	080/04

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Kjell Hjertås	HET	N-112.3	2004001232

HØYRINGSUTTALE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	16.04.2004	Skattedirektoratet	AVSLUTTANDE REVISJON AV SKATTEOPPKREVARFUNKSJONEN OG SKATTEREKNESKAPET
1	I	13.05.2004	Kommunenes Sentralforbund	VERDENS BESTE SKATTEINNKREVING - MOMENTLISTE VEDK. SKATTEINNKREVING
3	I	25.05.2004	Skattedirektoratet	OVERFØRING AV KONTROLL OG REVISJON AV SKATTEOPPKREVARFUNKSJONEN FRÅ KOMMUNANE TIL STATEN - AVKLARING AV KRAV I FORBINDELSE MED VIRKSOMHETSOVERDRAGELSE.
4	I	01.06.2004	Skattedirektoratet	AVSLUTTANDE REVISJON AV SKATTEOPPKREVARFUNKSJONEN OG SKATTEREKNESKAPET
5	I	18.06.2004	Finansdepartementet	HØYRING OM SKATTEOPPKREVERUTVALGETS UTREDNING - NOU 2004:12
6	I	30.06.2004	Skattedirektoratet	BEDRE SKATTEOPPKREVING OVERFØRING AV KONTROLL OG REVISJON AV SKATTEOPPKREVERFUNKSJONEN FRÅ KOMMUNNE TIL STATEN - AVKLARING AV KRAV I FORBINDELSE MED VIRKSOMHETSOVERDRAGELSE

Saksutgreiing:

Kommunesektoren har ansvaret for fellesinnkreving av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift på vegne av alle skattekreditorer. Desse skattekreditorane er staten, fylkeskommunane, kommunane og folketrygda. Fellesinnkrevjinga vert utført av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som også fører skatterekneskap og utøver arbeidsgjevarkontroll. I 2004 vil fellesinnkrevjinga omfatta totalt omlag 400 milliarder kroner.

Stortinget har fleire gonger det siste ti-året drøfta problemstillingar som er knytta til skatteoppkrevjarfunksjonen.

Både ved handsaming av St.prp. 44 (ROSA-prosjektet) i 1994 og St.prp. 41 (STRADEC-utredningen) i 1996, har Stortinget avvist å statleggjere skatteinnkrevjinga i Norge.

Skatteoppkrevjarutvalet blei oppnevnt 26.mai 2003 og leverte sin utredning til Finansdepartementet 12.mai 2004. Utredningen NOU 2004:12 "Bedre skatteoppkreving" er ved brev av 18.juni 2004 frå Finansdepartementet, er lagt ut til høring for alle kommunar med høringsfrist 1.oktober 2004.

Vurdering:

Skatteoppkrevjarutvalet har vurdert alternative modeller for organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Fem medlemmer av utvalet, som er samansett av ikkje-kommunale medlemmer, meiner ein statleg organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen som mest naturleg utifrå oppgåvene sitt innhald og karakter. Mindretalet, som er to kommunale medlemmer, meiner at dei fleste argumenter talar for ein kommunal organisering av funksjonen slik som vi har den i dag.

Kommunenes Sentralforbund har referert sitt syn om organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen i skriv av 2.juli 2004. KS sitt sentralstyre gjorde den 18.mai 2004 følgjande vedtak:

1. "KS mener skatteinnfordingen fortsatt må være en kommunal eller felleskommunal oppgave. Erfaringene med skatteinnkreving som en kommunal oppgave er svært positive. Blant annet av hensyn til innbyggernes rettssikkerhet, skatteinnkrevningens brukervennlighet, ivaretagelse av lokaldemokratiet gjennom folkevalgt innsyn og kontroll, og ikke minst den gode løsningsgraden for inndrivelse av skattekrav, gjør at KS mener at skatteinnkrevningen fortsatt må være en kommunal oppgave"
2. "Kvaliteten på skatteinnkrevningen i Norge er meget god. KS mener det finnes flere forbedringsmuligheter som kan ytterligere forbedre skatteinnkrevningen i Norge. De kan gjennomføres innenfor rammen av fortsatt kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevningen".

Alle kommunar må kunne påverka og kontrollera sine egne inntekter og utgifter. Meland kommune har svært dårleg likviditet og har behov for tilgang til likvide midlar så ofte som rå er. Skatteoppkrevjar overfører derfor akonto fordeling av innbetalte skattar fleire gonger kvar månad. Ved statleg organisering er det svært usikkert om akontooverføring vert gjennomført.

Dei utgifter som kommunane vil spare dersom skatteoppkrevjarfunksjonen vert statleg, vil bli trekt inn i form av reduserte statlege tilskot til kommunane.

I Meland kommune er det pr. d.d. omlag 1,5 årsverk som er engasjert med arbeidsoppgåver relatert til skatteoppkrevjarfunksjonen.

At ansvaret for skatteinnfordringa forblir ei kommunal oppgåve, er svært viktig for kommunal sektor. Det er viktig å forbedre og eventuelt omorganisere funksjonar som ikkje fungerer godt nok, men det er også viktig å vera kritisk til å omorganisere funksjonar som fungerer godt. Skatteinnkrevinga er eit eksempel på eit område som fungerer godt.

Meland kommune sluttar seg til KS sitt syn vedk. organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen og at skatteinnfordringa må fortsetje å vera ei kommunal oppgåve. Argumenter for kommunalt ansvar er referert i vedlagte momentliste i skriv frå KS datert 2.juli 2004.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommune sluttar seg til KS sitt syn vedk. organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen og at skatteinnfordringa må fortsetje å vera ei kommunal oppgåve. Argumenter for kommunalt ansvar er referert i vedlagte momentliste i skriv frå KS datert 2.juli 2004.”

25.08.2004 FORMANNSKAPET

FS-078/04 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommune sluttar seg til KS sitt syn vedk. organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen og at skatteinnfordringa må fortsetje å vera ei kommunal oppgåve. Argumenter for kommunalt ansvar er referert i vedlagte momentliste i skriv frå KS datert 2.juli 2004.”

15.09.04 KOMMUNESTYRET

KS-080/04 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Meland kommune sluttar seg til KS sitt syn vedk. organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen og at skatteinnfordringa må fortsetje å vera ei kommunal oppgåve. Argumenter for kommunalt ansvar er referert i vedlagte momentliste i skriv frå KS datert 2.juli 2004."

Rett utskrift

Dato: 28.09.04

Randi Hilland

Kopi til:

Finansdepartementet
Nordhordland Revisjonsdistrikt
Økonomikontoret